

Saksframlegg

Sakshandsamar:	Planavdelinga	Christian H. Reinshol
	Arkivnr.: 16/787	Klassering:

Godkjenning av planprogram for endring av reguleringsplan Eikefet-Urdal, utvidinga av steinbrot, plan-id 1263-201107

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-9, godkjenner plan- og miljøutvalet planprogram for endring av reguleringsplan for Eikefet og Urdal, utviding av steinbrot, plan-id 1263-201107.

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Planprogram for endring av reguleringsplan for Eikefet-Urdal, utviding av steinbrot, har vore på høyring i perioden 20.05.2016 til 01.07.2016. Det kom inn til saman 6 uttalar til planprogrammet. Merknadane vert gjennomgått av administrasjonen under. Planfremjar meiner i utgangspunktet at det ikkje har kome fram nye moment i høyringa som bør takast inn i planprogrammet.

Gjennomgang av merknader til planprogram for endring av reguleringsplan Eikefet-Urdal, utviding av steinbrot:

1. *Kystverket* hadde ingen merknader til planprogrammet.

Administrasjonens vurdering: Vert teke til orientering.

2. *Statens vegvesen* peiker på at det må avklarast kor stor trafikkauke den endra bruken av brotet vil få og om det vil vere krav til ytterlegare tiltak i krysset mot E-39. Vidare må forhold

som støy og ureining av vatn frå deponiområdet vurderast. Det vert elles vurdert at ei attfylling av steinbrotet på denne måten vil kunne ha fleire positive effektar.

Administrasjonens vurdering: Både trafikktryggleik, støy og ureining som følgje av endra aktivitet er omfatta av planprogrammet og skal utgreiast.

3. *Hordaland fylkeskommune* ber om at nær- og fjernverknader av tiltaket vert utgreidd i planprosessen og minner om at Ytstasundet sør for planområdet er omfatta av det regionale friluftsområdet Paddøyni.

Administrasjonens vurdering: Landskap og friluftsliv er tema i planprogrammet og skal utgreiast som del av planprosessen.

4. *Fylkesmannen i Hordaland* peiker på fleire tema, mellom anna ROS og akseptkriterier for utgreiinga, klimatilhøve, støy og ureining som viktige tema for utgreiing.

Administrasjonens vurdering: Alle tema som Fylkesmannen peiker på er omfatta av planprogrammet og skal utgreiast i planmaterialet. Ein vil nytte Lindås kommune sine akseptkriterier i ROS-analyse.

5. *Fiskarlaget Vest* peiker på at det eit viktig gyteområde for torsk i området og at tilhøve for gyting og kvalitet på sjø må vere viktige tema, og at ureining til sjø både via luft og vatn må utgreiast i planarbeidet.

Administrasjonens vurdering: Ureining frå deponiet skal greiast ut i planmaterialet, og det vil også vere eigen utgreiing knytt til utsleppsløyve for eit deponi.

6. *Advokatfirma Mjell* peiker på at det ligg føre avtale om at eigedom 220/2 skal tilbakeførast til landbruk etter endt bruk og at det må takast omsyn til at avrenning frå deponiet kan føre til skade på eigedom 220/2, inkludert vasskvaliteten.

Administrasjonens vurdering: Ved etablering av deponi vil ein på sikt kunne nytte det aktuelle området til landbruk. Når det gjeld avrenning frå deponiet, så skal dette vurderast i planarbeidet.

Vurdering

Administrasjonen har vurdert merknadane som kom inn til planprogrammet over. Alle tema som vart teke opp av dei ulike merknadshavarane er allereie dekkja av planprogrammet. På bakgrunn av dette kan ikkje administrasjonen sjå at det er andre tema som skal takast inn i planprogrammet. Det er heller ikkje administrasjonens vurdering at det er nye tema som burde takast inn i planprogrammet sidan siste handsaminga i plan- og miljøutvalet.

Administrasjonen rår til at plan- og miljøutvalet godkjenner planprogrammet for endring av reguleringsplan for Eikefet-Urdal, utviding av steinbrot.

.....

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost